# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Advent- og julenummer

NR. 5 - desember 2018 50. årg.



**Ein kvist skal skyta opp frå Isais stubbe, og eit skot skal spira fram frå hans røter. Jes 11,1**




**Helgedagen 50 år** side 4



Julio og Pamella Davila **side 6**



**Dugnadsglede** side 8



**Trusopplærarane** side 10

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
Inngang frå Saronsbrotet
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19
Diakon: Jofrid Aarsland Mikalsen tlf. 48 89 72 32
Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 51 77 03 77
Assisterande kyrkjeverje: Siri Vik tlf. 906 43 758
Vikar kyrkjev.: Gunnar Bjorland Stone tlf. 962 32 582
Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland (sjukmeldt)

**Time**
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048
Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545
Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Klokkar: Olav Njølstad Egeland
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Bryne**
Heimeside http://www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Trusopplærar Kristine Åsbø (permisjon) tlf. 950 20 920
Vikar Mari Ask Helland
Barne- og ungd.arbeidar Marion Lende tlf. 904 16 888
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Sekretær: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481
Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Karin Sofie E. Olsen tlf.467 98 464

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Leiar fors.styret: Liv Heidrun Heskestad tlf. 905 69 189

**Undheim**
Heimeside http://www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 926 55 645
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
Dagleg leiar: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

# *Julehelsing*

## - frå biskopen



Anne Lise Ådnøy

## Skal du gå i kyrkja i år?

Gudstenesta på julaftan utfordrar oss til å la sjela kvila i det som faktisk er: både det me gler oss over og det som ikkje vart slik me hadde tenkt. Midt i vår milde, våte vinter finst det ein tørste: tørsten etter å kjenna seg godteken og elska. Ta imot juleevangeliet: Gud elskar deg! Jesus er det språket Gud brukar for å fortelja oss det.

Juleevangeliet gjev næring til mange spørsmål og stor undring. Evangeliet gjev meir jo ærlegare me nærmar oss. Sanninga er at ein fødsel alltid er eit under. Når me feirar Jesu fødsel får me hjelp til å sjå at kvart menneskeliv er ei gåve. Gjennom ditt liv kan Skaparen sitt lys bli merka. Me er aller mest gjennomsiktige når me er ekte. Det er ikkje det perfekte livet som vitnar om Gud. Lyset strålar fram gjennom det livet som treng nåde og lever av kjærleik.

Englane høyrer med i juleforteljinga. Vår tid har kanskje rom for englar og det overnaturlege? Det viktigaste er likevel å våga å vera heilt til stades i sitt eige liv. Då kan du merka godleiken frå eit anna menneske, nesten som streif av ein engleveng. Då gjetarane i Betlehem vart åleine, etter at englane var borte, sa dei: Kom, la oss gå og sjå. Ingen kan leva på andre sine opplevingar. Gjer erfaringar sjølv. Sett deg i rørsle. Gå i kyrkja. Gud elskar deg som du er. Det har Jesus sagt med heile seg.

God og velsigna jul!

Anne Lise Ådnøy, konstituert biskop

*Framside: Wikimedia Commons*

**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@gmail.com innan 17. januar 2019.
Neste nr. kjem ut ca. 14. februar 2019.

# Min salme

## SLIK SOM EG VAR

*Slik som eg var*
*Kom eg til Gud og fekk jubla: Min Far*
*Skuldig til døden for syndene mange,*
*Bunden i lekkjer frå syndeveg lange.*
*Å, for eit under, han elsk til meg bar*
*Slik som eg var.*

*Slik som eg var!*
*Å, eg fekk sleppa den byrda eg bar!*
*Døra var opna for syndaren store,*
*Ja, det var nok det som Frelsaren gjorde.*
*Barn fekk eg vera, og Gud var min far,*
*Slik som eg var.*

*Slik som eg er,*
*Herren i nåde til barnet sitt ser.*
*Om synder og tvil det er heile mi æra,*
*Han er min Frelsar, og det vil han vera,*
*Nåden er fri, og eg kviler meg der,*
*Slik som eg er.*

*Slik som eg er,*
*Frelsaren meg imot himmelen ber.*
*Inn får eg koma, ja, brud skal eg vera,*
*Han gjorde alt, eg skal ingen ting gjera*
*Amen, ja, amen, til himlen eg fer*
*Slik som eg er.*

*Tekst: Sigvart Engeset 1916*
*Melodi: Sigvart Engeset 1919*




Japanske noter. Slik som eg var

"Den salmen som ble aller mest spilt var denne: Kono mama - Slik som eg er …"



Åshild Jakobsen

I 1967 reiste min mann og jeg til Japan som utsendinger for NMS. Etter to år på språkskole i Kobe, ble vi sendt langt ut på landet, for å bygge en ny menighet. Da vi hadde bodd der i godt ett år, kunne vi innvie en ny liten kirke.

I Japan har alle kirkene et lysende kors på taket. Så fra hovedveien gjennom dalen kunne en ikke unngå å se korset på vår lille kirke. Ikke mange dagene etter at korset var på plass, stoppet en flott bil utenfor huset vårt. En ung mann på vår alder ble invitert inn til oss for første gang, men aldeles ikke den siste.

Han forteller at han bor litt lenger oppe i dalen, der familien driver en medisinfabrikk. Han har studert musikk ved Tokyo universitet. En av professorene hadde sagt at om han skulle forstå Beethoven bedre, måtte han lese Bibelen. Nå hadde han sett korset på kirketaket, og lurte på om han kunne være organist i kirken vår. Det er ikke så enkelt, sa vi, vi har enda ikke noe orgel. Vi har ingenting å spille på.

Og det følger en lang, stille pause. Vi merker hvordan tankene hans arbeider. Og så sier han: Kan jeg få kjøpe et orgel til kirken? Vi jubla!

Fra neste søndag av hadde vi både orgel og organist!

Vår unge venn kom i de følgende årene på besøk til oss hver lørdag kveld for å gå gjennom søndagens salmer. Og den salmen som ble aller mest spilt var denne: Kono mama - Slik som eg er …

Vi inviterte han hjem til oss på nyttårs-aften og serverte norsk middag. Komla! Det falt ikke i smak.

# HELGEDAGEN 50 ÅR



HELGEDAGEN

Kyrkjelydsblad for Time

| Nr. 1 | JULENUMMER | 1. årg. |
|---|---|---|

**Helgedagen, kyrkjelyds-bladet for Time, kom med første nummer i desember 1968. Det er to A4 ark bretta til hefte på 8 side.**

I boka «På kyrkjeveg» - Time kyrkje 1859-2009, er den tronge fødselen for bladet skildra. John Flacké var første hjelpepresten i Time frå 1959. Han engasjerte seg for å få til eige kyrkjelyds-blad, men fekk ingen til å ta på seg oppgåva. Då han slutta som prest her alt i 1962, vart planane sette på vent heilt til sokneprest Jens Bjelland tok fatt i saka. Til jul 1968 kom første nummeret, og soknepresten utgjorde åleine redaksjonen av bladet til han slutta som prest her i 1978. Res. kap. Ole Gunnar Sæbø overtok då i tre månader før ei redaksjonsnemnd var på plass. I 1981 fekk bladet den første redaktøren. I alle åra sidan har ein redaksjon av frivillige med støtte frå kyrkjekontoret hatt ansvar for informasjon og innhald i Helgedagen, og for kontakt med trykkeriet.

De ser at første nummeret ikkje har årstal, men neste blad kom ut som nr.1, 1969.
Dertil les me i dette julenummeret brev frå Magne Gudvangen. Han gler seg til presteten-este i Time og brevet er datert 4. november 1968. Då sat den nyleg tilsette soknepresten ved skrivemaskinen på kontoret i Time prestegard, ivrig etter å få ut ei julehelsing til alle heimane i kommunen. Dette var lenge før fedrelandet kjende begrepet «PC». Kanskje skrivemaskinen ikkje eingong var elektrisk med kulehovud og




HELGEDAGEN

Idag kjem «Helgedagen» inn i heimen din for første gongen. Han byd goddag og vel møtt. Kva er so det for ein gjest?

Det er det nye kyrkjelydsbladet for Time kyrkjelyd. Det vil gjerne inn i kvar einaste heim og minne om at de høyrer heime i den store huslyden som heiter Time kyrkjelyd. Her vart dei fleste av dykk døypte, konfirmerte og vigde. Og nokon av dei kjæraste har de kan henda fylgt på siste ferda hit. Og so har de kome att med dykkar eigne små. Ætt fylgjer ætt på livsvegen. Og i dei store stunder svingar han innom kyrkjehus og heilagdom for dei aller fleste her i bygda og i folket. Med mange og sterke band er de bundne til dykker kyrkjelyd. Og med dei heilagste og finaste band livet eig. Men ofte kjem me ikkje dette ihug. No vil gjerne «Helgedagen» koma som ei varm og stillfarande påminning om at Gud har gjeve deg «ein heim i si kyrkja på jord og sett oss eit æveleg mål heime hjå seg». Og menneskja kan aldri finne seg sjølv eller finne meining i tilværet utan livsgrunn i ein åndeleg heim og utsyn mot eit evig mål. Difor treng me alle ein **helgedag** med samling om det heilage ordet som syner veg og lei i liv og død og som legg vigsla og høgtid over livet.

Ja, menneskja idag treng sårt til å finne helgedagen att — elles vil kvardagane mala dei sund. Midt i vår urolege og larmande verd finst det ei anna verd og eit rike som hjarta kan kjenna, men auga ikkje sjå. Der er helgefred og kvild. Vent syng Bjørnson om «helgedagsfred med tempel i.»

Den dyrverdige skatten har mange mist idag, og livet har vorte eit fredlaust jag utan høgd og himmel —utan klokkesong og salmetone, utan rodet og bøna sin himmelstige. Utan helg vert livet snart tomt og fargelaust.

No ville ogso dette vesle bladet gjerne vera med og lokka kvar og ein attende til helgedag og heim — heim til farshuset, til samfunn med Gud, til ei trygg og glad tru på Kristus og til den hjartefred og og von som han åleine kan gje. Det vil fortelje nytt frå kyrkjelyd og kristenliv i bygda. Det vil peika på livsens veg og gje råd og rettleiing so langt det maktar. Difor vonar me du kan sjå deg høve til ei roleg stund med «Helgedagen» når han kjem innom døra di.

So vonar me kyrkjelydsbladet må bli godt motteke so det kan vera liv laga og helst bli betre etter kvart.

J. Bj.

*Sokneprest Jens Bjelland om Helgedagen 1968*

retteband? Var det bare ein enkel skrivemaskin med korrekturblekk innan rekkevidde? Jærprent, som namnet var då, trykte bladet, og det trykkeriet har Helgedagen nytta sidan. Biskop Olav Hagesæther har fått førstesida til si julehelsing, og elles er det brev frå misjonærar med tilknytning til Time. Siste side har ei lita spalte for gudstenester og andre samlingar i kommunen for desember månad. Det er ingen julekonsert i det programmet.

Vegen er kort frå soknepresten si julehelsing til namnet bladet fekk frå dag ein, «HELGEDAGEN.» Eit gjævt namn som står seg om tidene skiftar. Jens Bjelland har vektige ord til lesarane i dette vesle heftet som er utan digitale krumspring og fargeprakt. Tankerekkene hans treng ikkje datostempel. Dei er like aktuelle i dag. Ynskjet «redaktøren» avsluttar si helsing med er oppfyllt, at bladet skulle ha ei framtid, --- « so det kan vera liv laga og helst bli betre etterkvart.»

**Ein ærestropp som fortener ros og takk i Time si kyrkjehistorie.**

50 år er ei lang reise. Tanken går til alle trufaste omberarar som har spreidd denne helsinga frå kyrkja alle desse åra. Dei har vore stillfarande vandrarar rundt i gater, på bygde- og gardsvegar, på asfalt og grus. Nokre av desse har eg spora opp. Det var ikkje lett, for dei fleste hadde overteke etter einkvan og namnga andre som heller måtte nemnast. Når de her ser namn og bilete, representerer dei ein stor flokk sambygdingar som har vore på vandring med Helgedagen tiår etter tiår. Denne «yrkesgruppa» tel i dag 58 personar.



*Aslaug Tveit Berge og Mikal Berge*

**Mikal Berge** har ikkje overteke etter andre. Han var på post frå starten. **Aslaug og Mikal** er framleis sentrale i Timebygda med å dela ut bladbunkar til dei forskjellige rutene, og sjøl ta sine turar til postkassane. Mikal seier at Aslaug ein periode kombinerte utkøyring til omberarane med øvelseskøyring for borna, som nå alle er over 50 år.

**Gunvor Sikveland**, 86 år, har sørgt for utdeling i gamle Tjåland skulekrets i 20 år. For eit års tid sidan ga ho stafettpinnen vidare. «Eg tok over etter Nils Kjell Sikveland som døydde i traktorulukke. Det har vore gildt å få gjera



*Gunvor Sikveland*

dette. Men eg bur i ei fjellbygd, kan me vel seia, og føret kan vera ei utfordring vinterstid. Mi rute var frå brua på Undheim til Gjesdalgrensa."



*Jorunn og Olav Selle*

På Bryne har **Olav og Jorunn Selle** hatt ein lang bolk med ansvar for å telja opp og dela ut blad til rutene, nokre tusen blad kvar gong. Olav seier han overtok etter Kjell Holte og har gitt ansvaret vidare nå. Ekteparet Selle har framleis sine område å sørgje for på Bryne. I bustadblokkene er det organisert med kontaktpersonar som deler ut innandørs. Helgedagen sine omberarar er ein stor tropp, velorganisert med namnelister og ruteplanar! Kva er summen av desse sparde portoutgiftene for Timekyrkja gjennom 50 år, eller tapet av inntekter for Posten? Svaret har eg ikkje.

Framfor meg ligg Helgedagen, årgang 2018. Framtoningen minner lite om det første bladet, men målet er det same som soknepresten sette på trykk for 50 år sidan: «Helgedagen vil gjerne koma som ei varm og stillfarande påminning om at Gud har gjeve oss **«ein heim i si kyrkje på jord og sett oss eit æveleg mål heime hjå seg.»**

emb

PS. I 1968 var folketalet i kommunen 7 725 og i 2018 er det 18 800.




*Julio ble kjent med Frelsesarméen i millonbyen Lima, hovedstaden  i Peru. Nå er han korpsleder på Bryne*

Da Julio Davila kom til Norge i 2004, undret han seg over stillheten. Kontrasten fra Lima til en folkehøgskole nær Moss, var stor. Kjæresten Pamella, som han nå er gift med, kom i 2007. Det var takket være henne at Julio hadde møtt Frelsesarméen i Lima og blitt kristen. I Norge tok de begge arméens offisersutdannelse på Jeløya. De kom til Bryne i 2013, og her har de siden vært korpsledere.

-Julefeiringen i Norge er litt annerledes enn i Peru, forteller Julio. - Vi starter ikke så tidlig der. Men julens budskap er jo det samme!

**Hvordan opplever du norske juletradisjoner?**
Julen er jo en tid hvor folk kommer sammen. Men sammenlignet med Peru er det et kolossalt trykk på gaver her, særlig til barn. Folk tenker på gaver i så lang tid! Før startet det i november. Nå kan man se at folk begynner julehandel allerede i oktober. Norge er et rikt land, og "det kommersielle" vil skvise mest mulig ut av folk. Men det er bra at folk er generøse i julen. At de tenker på sin neste. Min utfordring vil være at de må bruke juletiden til å tenke på dem som trenger det mest. Vi er så velsignet i Norge. Derfor må vi være oppmerksom på at ikke alle kan nyte godt av dette. Generøsiteten er alltid den beste "business".

**Er det nød i Norge?**
Det er i alle fall en del som har det vanskelig. I Frelsesarméen legger vi merke til presset det er på folk. Vi ser familier som ikke klarer å henge med på alt julefeiringen medfører. De er litt usynlige, men de er der. Noen forteller oss at "denne tiden liker vi dårlig" eller "vi har problem". Det er gjerne økonomi, men kan også være ensomhet, familier som er splittet, rusproblem eller andre vansker. Vi ser det på "café  William", eller folk ringer. Noen stanser oss på gata og forteller om sin fortvilelse. Men vi vet også at  mange ikke tør ta kontakt.

**Snart skal dere rigge opp julegryta. Hva betyr denne innsamlingen?**
Den er svært viktig. Gavene vi får i julegryta, blir brukt til velferdstiltak for trengende hele året. Innsamlingen dekker matposer vi deler ut, middager på café William og andre tiltak for folk som sliter.

Julio forteller at han har en egen definisjon på fattig-

dom: - Fattige er egentlig alle mennesker som behøver mye! Han mener dette også kan vinkles om det åndelige. Han viser til Jesu ord i Bergprekenen om "de fattige i ånden".



*Pamella og Julio har i siden 2013 vært ledere for Frelsesarméen på Bryne*

**En favorittsalme eller sang?**
Jeg vil løfte fram Salme 91 i Bibelen. Den mexicanske gruppen, Vertical, har en flott innspilling av denne teksten. Den betydde mye for oss i tiden med alvorlig sykdom i familien. Den gir perspektiv på evig liv: Uansett hva som skjer, er vi trygge i Guds hender.
Det var i fjor sommer at familien ble rammet av krise. Pamella ble alvorlig syk bare to uker etter fødsel av barn nr. to, Kristoffer. Det ble en svært utfordrende tid, men familien opplevde mye omsorg og hjelp. Pamella er ennå delvis sykemeldt. Barna Mathias (5) og Kristoffer (1) går nå i Eivindsholen barnehage.

**Hvordan feirer dere jul i egen familie?**
Vi starter med møte i Frelsesarméen kl 1500 og feirer "norsk" jul hjemme. Svigermor med familie kommer, og vi bruker å invitere noen venner til julekvelden. Og så er jula en fin tid for refleksjon.

Mange forbinder nok Frelsesarméen med frimodig, frisk sang og musikk. Julio begynte å spille gitar i Frelsesarméen i Lima, og han har ofte med seg gitaren på talerstolen. Når "fellesmusikken" spiller, skifter han til bassgitar og deltar der. De bidrar til god julestemning på ulike steder i adventstiden. Som eksempel nevnes den årlige turen til Thime stasjon. De som har vært med på denne, kan fortelle om en egen stemning når allsangen "står i taket".

RT

## Teologi til folket 2019

Velkommen til åpne forelesninger på VID Misjonshøgskolen vinter/vår 2019.
**Misjonshøgskolens** Aula, Misjonsmarka 12, 4024 Stavanger

**Professor i Det gamle testamentet, Knut Holter, vil i løpet av seks onsdagskvelder fra kl. 18.00-20.00 forelese over**

## Førstehjelp til forståelse og bruk av Det gamle testamentet

**For de som også er interessert i å lære litt hebraisk, blir det språkundervisning fra 20.15 -21.00.**

**Alle kvelder fra kl. 18.00-20.00 (til kl. 21.00 for språkinteresserte)**
- **23. januar og 30. januar**
- **13. februar og 20. februar**
- **6. mars og 13. mars**

**Det er ingen påmelding, og forelesningene er gratis**
**Åpent for alle**
**Inviter med venner og bekjente, fra menighet og vennekrets!**
**Hjertelig velkommen!**

VID

# DUGNADSGLEDE MED NÅL OG TRÅD

Det er dugnad til julemessa i Bryne kyrkje. Ein dugnadsiver som starta for over 40 år sidan - den gong av trufaste kyrkjeringar. Dei jobba for kyrkje på Bryne - og ei arbeidskyrkje stod ferdig i 1979. No har kyrkja vore der i snart 40 år. Framleis er mange med på den store dugnaden - nokre åleine, andre saman med andre. Me skal besøkja ein av dugnadsgjengane.



*Liv Torunn Ødegaard, Charlotte Gaarder og Inger Bakke Berge i full aktivitet*

Eg stikk innom formingsrommet på Rosseland skule ein vindfull kveld i september. Her møter eg fem ivrige damer og fleire bord fylte av ulike stoff som passar både til dei yndige små og for dei litt tøffare.
Ein ny Overlock symaskin med fire snurrande trådsneller



*Synnøve Hatle er nøgd med passform på hua ho har "trylla" fram til julemessa i Bryne kyrkje*

syr fagmessige saumar -  garantert raknefrie.
Nydelege barnehuer vert kreerte. Arbeidsfordeling er gjort etter evner og anlegg. Det skal klippast etter mønster, brettast, syast,vrengjast og strykast. Her er det bruk for alle! I samtalen rundt bordet var det ei som sa at her er det bruk for "alle lemmene".
Damene tryllar fram huer, vottar, panneband, dokkeklede.

Gjengen er stadig på jakt etter nye idéar - har julemessa i bakhovudet heile året. Ferieturar i inn- og utland gir ofte påfyll i "idébanken". Det gjeld å sleppa fantasien og skapargleda laus! Straks ei julemesse er over, er tankane i sving med den neste.
Damene tenkjer gjenbruk. Fint brukte sommarkjolar som gøymer gode minne, blir fortryllande dokkekjolar.



*Panneband for dei som vil vera både lekre og varme*

På spørsmål om kvifor dei er med, svarer dei:
For meg er dette lystbetont, me har det kjekt saman, eg blir kjend med nye. Me inspirerer kvarandre, og det er kjekt å laga, skapa noko med hendene. Eg får bruka evnene mine og arbeidet gir meg energi. Eg trur salsmessa er positiv reklame for kyrkja.
For meg er det meiningsfullt å vera med på dugnad for kyrkja - fint å få ting til saman med andre.
Det gir meg ei god ei kjensle når eg får gjera noko eg likar, og  samstundes vita at det gir inntekter til kyrkja sitt arbeid.
Ei drivkraft for meg å vita at 75% av inntektene går til kyrkja sitt eige barne- og ungdomsarbeid - viktigaste arbeid kyrkja driv, meiner eg.



*Torunn Undheim klipper dokkeklede med stødig hand*

Eg trur og me har godt av å lyfta blikket, sjå lengre enn til Bryne. Deler av julemesse-inntektene går til kyrkja sine misjonsprosjekt. 25% av inntektene vert delt mellom NMS prosjekt "Fokus Midt-Austen" og Stefanusalliansen prosjekt "Antalya Evangelical church".

For denne dugnadsgjengen er det tydeleg at arbeidet



*Små kreasjonar som varmar*

gir dei meir enn det krev. Når eg spør kor lenge dei har vore med på julemessedugnad, får eg imponerande svar:

Utanom ho som er med for første gong, har dei andre vore med frå 11-20 år!

Dugnadskvelden vert som vanleg avslutta med te, ost og kjeks. I kveld til og med is, for ei av damene feirar fødselsdagen sin. Pliktene kallar for mor med liten baby. Ho må gå utan servering.
Damene med nål og tråd vil gjerne ha med fleire. Her er jobb for alle som er glade i å laga ting med hendene!
Idémyldring startar alt på nyåret!

Tekst og foto: RJH

# Juleevangeliet

## Lukas 2, 1-20

*1 I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det*
*skulle takast manntal over heile verda.*
*2 Dette var første gongen dei tok manntal, og*
*det hende medan Kvirinius var landshovding i*
*Syria.*
*3 Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva*
*seg i manntalet.*
*4 Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea*
*og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betle-*
*hem, for han høyrde til Davids hus og ætt*
*5 og skulle skriva seg der saman med Maria, som*
*var lova bort til han. Ho venta då barn.*
*6 Og medan dei var der, kom tida då ho skulle*
*føda,*
*7 og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte*
*han og la han i ei krubbe, for det var ikkje hus-*
*rom for dei.*

*8 Det var nokre gjetarar der i området som var*
*ute på marka og heldt vakt over flokken sin om*
*natta.*
*9 Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og*
*Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei*
*gripne av stor redsle.*
*10 Men engelen sa til dei: "Ver ikkje redde! Sjå,*
*eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei*
*glede for heile folket:*
*11 I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by.*
*Han er Messias, Herren.*
*12 Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit*
*barn som er sveipt og ligg i ei krubbe."*
*13 Brått var det ein stor himmelhær saman med*
*engelen; dei lova Gud og song:*
*14 "Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda*
*blant menneske Gud har glede i!"*
*15 Då englane hadde fare attende til himmelen,*
*sa gjetarane til kvarandre: "Lat oss gå inn til*
*Betlehem og sjå dette som har hendt, det som*
*Herren har kunngjort for oss."*
*16 Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef*
*og det vesle barnet som låg i krubba.*
*17 Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde*
*vorte sagt dei om dette barnet.*
*18 Alle som høyrde på, undra seg over det*
*gjetarane fortalde.*
*19 Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og*
*grunda på det.*
*20 Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa*
*Gud for alt dei hadde høyrt og sett; alt var slik*
*som det var sagt dei.*

# På stabsbesøk - trusopplærarane



Frå venstre: Mari Ask Helland , Ingfrid Time Nærland, Marion Lende, Ragnhild Hanssen

Presentasjonsrunden av dei ulike medarbeidarane på kyrkjekontoret har nå komme til ei viktig gruppe: Trusopplærarane. Helgedagen får møta dei på ein travel tysdag i oktober. Ikkje lett å samla alle på ein gong - dei fartar rundt og har mange jarn i elden! Her er mykje latter og godt humør, og arbeidsglede og trivsel i kollegiet kjem tydeleg fram. Ein blir glad i møte med desse!

**Ingfrid Time Nærland** (47) kateket, vikar frå 1995 og fast tilsett frå 1996. Ho har 80% jobb. Ingfrid vart vigsla til kateket år 2000. Ho er ekte Time-bu, gardsjente, oppvaksen på Oma. Ho er gift med ein Hå-bu, har tre tenåringsborn og bur på Bryne.
Ingfrid er ei særs effektiv dame, og ho har fått med seg mykje: Nordisk grunnfag, kristendom grunnfag og mellomfag, og her må det skytast inn at ho hadde munnleg eksamen på bryllaupsdagen sin! Ho har òg teke sosialpedagogikk over to år, pluss diverse småfag, så det var både studier og arbeid over ein treårs-periode.

Kateketen er leiar for trusopplæringa. Viktigaste arbeidsområdet hennar er konfirmantundervisninga - i alle kyrkjene, Bryne, Time og Undheim. Før jul og påske tek ho og friviljuge imot barnehagane i kommunen i kyrkjene. Det er fine møte med dei små!

Kanskje konfirmantane står hennar hjarte ekstra nær. "Haustens vakraste eventyr", kallar Ingfrid det når konfirmant-undervisninga startar, og ho møter ungdommane som trur, tvilar, undrar seg - og er levande.

Ingfrid er flink til å inkludera dei som fell utanfor, og ho prøver å integrera og leggja til rette for at alle skal få ei meiningsfull konfirmanttid.

**Ragnhild Hanssen** (45), kyrkjelydspedagog, tilsett frå mai 2015. Ho er fødd på Bømlo, og blir aldri Jærbu når det gjeld dialekten, seier ho. Ragnhild har lærarutdanning inkludert musikk frå Høgskulen i Oslo, og har kristendom grunnfag frå Menighetsfakultetet. Ho har jobba som lærar i Sandnes - og sist på Undheim.

Stillinga hennar er 70% kyrkjelydspedagog og administrasjonssekretær, 10% går til Lye barnegospel og organisering av musikken til gudstenestene på Lye.

Ragnhild har heile barnefasen å jobba med, frå 0 - 12 år. Babysong er det første tilbodet, og så er det noko nytt for alle årstrinn oppover. Ho legg vekt på at dei friviljuge er kjempeviktige i arbeidet. Utan dei hadde det vore vanskeleg å gje eit så godt tilbod som det dei kan nå.

Ho brenn for eit tettare samarbeid som kan gje eit kontinuerleg tilbod til borna, slik at dei etter dei ulike års-arrangementa i kyrkja finn sin plass vidare på til dømes søndagsskulen. Slik kan òg 4-årsboka på Lye kan vera ein introduksjon

for fireåringane til å begynna i Lye barnegospel.

**Marion Lende** (29), kyrkjelydspedagog, 50% jobb.
Marion er oppvaksen i Sirevåg, gift, to små born, og har det tredje i magen! Familien bur på Orstad. Våren 2015 vart ho kyrkjelydspedagog på Bryne. Ho jobbar saman med Ingfrid i konfirmantarbeidet - og trusopplæring for dei over 13 år.
Ho er utdanna barnevernspedagog frå universitet i Stavanger, og har eitt års utdanning i Menighet og ledelse.

Marion ønskjer at ungdommane skal vera ein naturleg del av Bryne-kyrkja. Ho er med på å ønskja ein re-start, å tenkja nytt rundt ungdomsarbeidet i Bryne-kyrkja.

Nå har Marion vore tilsett i Brynekyrkja i godt og vel tre år, og ho gleder seg spesielt over å sjå alle nye barnefamiliar og unge vaksne som har funne sin plass i kyrkja. Det blir spennande å følgja utviklinga til Brynekyrkja vidare!

Ho vil òg trekkja fram den flotte staben ved Time kyrkjekontor. Det lyser opp dagen hennar å få arbeida saman med ein så fin gjeng. Her deler dei både tårer og latter!

**Mari Ask Helland** (27), vikar som kyrkjelydspedagog frå januar 2018 i 60% jobb. Ho er Jærbu, frå Hå - og bur i Hå.

